



Hordabø IL
Radøyvegen 2795
5937 BØVÅGEN

Referanser:

Dykkar: Ref.:NWF2SU- Skjemanr.:208
Vår: 15/163 - 15/13878

Saksbehandlar:

Monika Soltveit Gabrielli
monika.gabrielli@radoy.kommune.no

Dato:

20.11.2015

Svar på søknad om skjenkeløyve - Ope arrangement

Hordabø idrettslag skal arrangera konsert i Hordabøhallen den 21. november kl. 20.00-02.00. arrangementet har aldersgrense 18 år.

Det er lagt ved eit kart over området som det vert søkt skjenkeløyve for, og alt sal skje inne i hallen.

Søknaden er sendt til uttale hjå NAV Radøy og Nordhordland lensmannskontor. Dei har ingen merknader.

Kommunestyret vedtok retningslinjer for skjenketider i sak 046/04. Skjenketida for fredagar og laurdagar er frå kl. 0800 til 02.00. For uteservering er skjenketida frå kl. 13.00-23.00.

I ruspolitisk handlingsplan vedteken i sak 023/11 er utviding av skjenketid for eit enkelt høve delegert til rådmannen.

Rådmannen har vurdert søknaden og gjort slikt vedtak:

Med heimel i alkoholova, og etter delegert fullmakt fatta av kommunestyret, vert det gjeve **skjenkeløyve for eit einskildhøve for alkoholhaldig drikk under 22 % frå kl. 20.00-02.00, i Hordabøhallen og omsøkt areal ute**, teikna inn på vedlagte kart, i samband med konsert laurdag **21.11.2015**. Utskjenka alkohol skal vera konsumert innan ein halv time etter at skjenketida er slutt.

Løyvehavar er Frode Myking, Bøtjørnvegen 90,5037 Bøvågen, f. 18.06.1974 med Bjørn Ove Myking f. 21.12.51 som stadfortedar.

Viser elles til "Lov om vern mot tobakksskader" med forskrift (Røykelova).

Radøy kommune føreset at naudsynt løyve frå politiet ligg føre. Aldersgrensa for kjøp av øl og vin er 18 år. Løyvehavar og styrar for løyvet pliktar å sjå til at reglane i alkoholova og forskrifta til alkoholova vert følgde.

Kommunen sine alkoholkontrollører kan koma på besøk for å sjå til at alkohollova sine føresegner vert følgde.

For bruk av skjenkeløyve for einskildhøve skal det i dette tilfelle betalast ei avgift på kr 3500,-

Med helsing

Monika Soltveit Gabrielli
konsulent kultur- og sørvistorget

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Skjenkløyve kart 2015 A

Mottakarar:

Hordabø IL
Alkoholkontrollen i Nordhordland
og Gulen

Radøyvegen 2795 5937

BØVÅGEN